

MELAND KOMMUNE  
5918 FREKHAUG.

**DISPENSASJONSSØKNAD I SAMBAND MED SØKNAD OM BYGGING AV VEG  
TIL SJØHUSTOMT gnr./bnr.: 38/76.**

Eg søker med dette om dispensasjon til bygging av veg til ovannemnde eigedom.

Eigedomen er utskifta i 1913, som eit felleseige mellom bruka 38/1,2 og 3. I 2006 vart parsellen frådelt som eit eige bruksnummer. Vegen vil gå over hovedbruket 38/3, som er positiv til veg, og har gjeve skriftleg rett til bilveg. vedlagt avtale pkt. 3. Oppstillingsplassen er tenkt laga tilbaketrekt i forholdet til naustet, på 38/76, for å redusera naturinngrepa. Vegen er planlagt lagt i terrenget, mest mogeleg skonsomt, der det kun vert sprengning på eit par punkter, og den vert lite synleg frå sjøsida.

Fordelane med tiltaket er å få ein akseptabel tilkomst til eigedomen. I dag må alt fraktas sjøvegen, og kommunal kai ligg langt unna. Hovedbruket vil også ha stor bruksnytte, i forbindelse med uthenting av hogstmoden tømmer samt vedskog, og elles pleie av kulturlandskapet. Vegen vil medføre lettare tilkomst for ålmenta til sjø, og vegen vil vera open for gåande som ikkje har private rettar i strandsona.

Nabovarsling. Eigar av hovedbruk. Eg har vurdert alle gjenbuarar til å ikkje har interesse, sidan dei ikkje vil sjå tiltaket frå sin eigedom. Dersom kommunen krev varsling av enkelte bruksnummer, er det uproblematisk.

Eg vonar på positiv handsaming av søknaden.

Ådlandsveien 905, 09.07.19

---

Rune L. Skår, 38/76

Vedlagt :

Kart: 1:1000 Trace.  
Avtale om vegrett  
Kvittering på nabovarsling.

Tilleggsargumentasjon til fordel for omsøkt tiltak:

I samtale med L. Bjørge får eg opplyst at landbrukskontor ikkje vurderer tiltaket til å ha landbruksinteresse. Det er eg ikkje einig i, med bakgrunn i det som eg skriv i søknaden. Området er fullt av hogstmoden skog, tett bjørkeskog samt fleire små felt med store graner. Vegen vil gjera det fullt mogleg å henta dette ut, som igjen er ein stor fordel for kystlandskapet rundt vågen. Det er i tillegg nyleg godkjent ein landbuksveg rett over vågen på gnr. 37, som har mindre landbruksnytte etter vår vurdering.

Tilgang til sjø for alle. Alle vegar i område fører ned til fritidsbustader og er såleis privatisert. Denne vi gå ned mot naustområde, og kan brukas av alle som ikkje i dag har eigen sjørett. Område med LNF og allemannsrett. Nytt SB felt like ved. I tillegg treng vågen ein kyststi som knytter Ådland og Kykjundet saman. Vegen kan vera eit utgangspunkt for eit slikt prosjekt.

Tilslutt hovedargumentet, tiltaket støttar opp om bruk av sjøhuseigedomen, vil gje nødvendig tilkomst. Den vil også kunne nyttas fram til andre naust/nausttomter som i dag ikkje har veg.